



---

# ÅRSMELDING 2024

---

**Tokke kommune**



# Innholdsliste

|                                            |    |
|--------------------------------------------|----|
| Innleiing frå kommunedirektøren.....       | 5  |
| Politisk styring .....                     | 7  |
| Kommunepolitikarar .....                   | 8  |
| Tal på saker til politisk handsaming ..... | 9  |
| Kontrollutvalet .....                      | 9  |
| Administrativ organisering 2024 .....      | 10 |
| 1: Økonomi og reikneskap .....             | 11 |
| Økonomioversyn .....                       | 12 |
| 2. Personalstoda .....                     | 23 |





# Innleiing frå kommunedirektøren



Kommunedirektøren legg med dette fram årsmeldinga for 2024. Årsmeldinga tek sikte på å imøtekoma krava til kommunelova § 14-7.

Nytt av året er at rapportering frå dei ulike driftsområda er tekne ut av årsmeldinga og kjem som eiga sak. Dette etter ynskje frå revisjonen.

Folketalet auka med 26 personar i 2024, 1,12 %. Folketalet var ved utgangen av året 2 238 innbyggjarar. (Tilsvarende tal var 14 personar i 2023, som utgjorde ein vekst på 0,6%.)

Netto driftsresultat er negativt 40 800 000 kr, noko som som betyr ein reduksjon i driftsresultat med 60 000 kr. Noko som er negativt driftsresultat med 9,3%. Det er ein reduksjon med 11% frå 2023.

Gjelda i 2024 auka frå 270,3 mill. til 331 mill., som er ein auke på 61 mill. I 2023 auka gjelda med 22,5%. Det utgjer auka rente og avdragskostnader i 2025 på nær 5 mill., som må sparast inn på driftsnivået.


Netto lånegjeld er ved utgangen av 2023 er 105 009 kr pr. innbyggjar. Dette talet ligg allereie høgt ved inngangen av 2024 (sjå tabell).

*\*) Kjelde: Kostra*

Om ein måler ut lang lånegjeld med omsyn til driftsinntektene i 2023 – ligg Tokke som nr. 20 av 23 i Vestfold og Telemark. Faktoren er berre lågare i Fyresdal og Kviteseid for Vest-Telemark.

*\*) Får ikkje sett tala for 2024, før endelege Kostra føreligg.*

Netto lånegjeld per innbygger 2023. Kroner



Tokke kommune er i ein vanskeleg situasjon med at drifta er på eit for høgt kostnadsnivå. Noko av kostnadane skuldast struktur og geografi, driftskostnadane ligg godt over det andre liknande kommunar (kostragruppe), som klarer å drifte billigare enn Tokke.

Langsiktig gjeld står ikkje i samsvar med driftsinntektene i 2023.

Tokke kommune ligg i «toppsjiktet» for Vestfold og Telemark på andel eigenkapital. Netto driftsmargin av god i 2023, men kommunen har negativ netto driftsmargin i 2024.

I 2025 må kommunen redusere driftsnivået og ein må vera svært varsam med auken i lånegjeld.

Det er klart eit stort potensial å ha større fokus på økonomioppfølging, internkontroll og budsjettdisiplin.

Kommunedirektøren vil nytte høve til å takke kommunestyret for godt samarbeid og konstruktiv dialog gjennom heile året.

Tusen takk til alle tilsette og leiarar som legg ned ein uvurderleg innsats kvar dag. Utan innsatsen frå dei tilsette ville tenestenivået ikkje vore på eit så høgt og kvalitativt nivå som me har. Det skal vere godt og trygt å vere innbyggjar i Tokke.

Kommunedirektøren vil takke dei tillitsvalde og vernetenesta for eit godt samarbeid i året som har gått.

Til slutt, takk til innbyggjarar og næringsliv, som kvar dag yter ein innsats for at Tokke skal vere ein god kommune å vekse opp i, arbeide i og bli gammal i.


**Dalen 01.02.25**

**Finn Arne Askje**  
**Kommunedirektør**

## Politisk styring

Tokke kommune har framleis same oppbygging av den politiske strukturen. Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Det har mynde som organ, ikkje som enkeltrepresentantar.

Ordførar er kommunens fremste representant og leier kommunestyret. Kontrollutvalet utøver kontroll på vegne av kommunestyret.



Kommunen har fire hovudutval: formannskapet, helse- og sosialutvalet, utval for oppvekst, kultur og idrett (OKI) (tidlegare oppvekstutval) og utval for landbruk, miljø og teknisk (LMT) (tidlegare utviklingsutvalet). I tillegg til utvala og formannskapet har me rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og eldreråd.

## Kommunepolitikarar



10 representantar



6 representantar



2 representantar



1 representant



1 representant



1 representant

**Ordførar:** Jarand Felland (SP)

**Varaordførar:** Camilla Lagergren Knudsen

**Leiar av OKI-utvalet:** Tor Arne Heggteveit (SP)

**Leiar av HS-utvalet:** Laila Taraldlien (SP)

**Leiar av LMT-utvalet:** Geir Arild Djuve (SP)

Kommunestyret har 21 representantar. I denne perioden har SP ordføraren og utgjer posisjonen saman med MDG og KrF.



Jarand Felland,  
Ordførar



Camilla Lagergren  
Knudsen,  
Varaordførar



Geir Arild Djuve,  
Leiar LMT



Laila K. Taraldlien,  
Leiar HS



Tor Arne Heggteveit,  
Leiar OKI



Kommunestyret 2023 - 2027

## Tal på saker til politisk handsaming

| Utval         | Politiske saker | Referatsaker |
|---------------|-----------------|--------------|
| Kommunestyret | 99              | 34           |
| Formannskapet | 117             | 28           |
| LMT           | 35              | 268          |
| HSU           | 21              | 11           |
| OKI           | 43              | 6            |

## Kontrollutvalet

### Medlemmar av kontrollutvalet

#### Faste medlemmar:

#### Varamedlemmar:

Leiar Stein Olav Lie (AP)

Nestleiar Tove Palmork Haavelmoen (Ap)

Medlem Sigvart Asle Lie (H)

Medlem Tone Dale Solvang (SP)

Medlem Steinar Mandt (SP)

#### Vara AP, SV, Høgre

Nr 1 Haldor Kaasin (SV)

Nr 2 Margit Felland Krogh (SV) Nr 3 Tahar Haddad (AP)

#### Vara SP, MDG, KRF

Nr 1 Ingrid Svalastog Kollberg (uavhengig) Nr 2 Bjørn Tore Lassemo (SP)



Stein Olav Lie,  
Leiar Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har handsama 34 saker i 2023 og 32 saker i 2024.

Samla har kostnadane til kontrollutvalet vore 874 973,45 kr – av dette utgjør 781 592,60 kr kjøpt av tenester frå revisjonen. Sjølv kontrollutvalet har ein kostnad på 93 380,85 kr.

## Administrativ organisering 2024



**Kommunedirektør**  
Finn Arne Askje



**Organisasjonssjef**  
Niina Virpi Maarit Urbø



**Økonomisjef**  
Magne Sturød



**Kommunalsjef**  
Plan, næring og kultur  
Knut Erik Paulsen



**Kommunalsjef**  
Teknisk  
Arvid Moen



**Kommunalsjef**  
Helse og omsorg  
Ann Helen Maria Wraa




**Kommunalsjef**  
Oppvekst  
Tone Lunde Skaalen



**NAV**  
Gerd Kari Skaalen

# 1: Økonomi og reikneskap

## Utvalde nøkkeltal:

|                                                                                     |                                                         |            |                                                                                      |                                                  |                                |
|-------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|------------|--------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------|--------------------------------|
|    | <b>DRIFTSINNTEKTER</b>                                  |            |    | <b>DRIFTSUTGIFTER</b>                            |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      | 2024                                             | 2023                           |
|                                                                                     | 440,2 mill                                              | 421,6 mill |                                                                                      | 489,6 mill                                       | 416,4 mill                     |
|    | <b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>                             |            |    | <b>NETTO DRIFTSREULTAT</b>                       |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      | 2024                                             | 2023                           |
|                                                                                     | -40,8 mill                                              | 26,1 mill  |                                                                                      | -9,3 %                                           | 6,1%                           |
|    | <b>AVDRAG</b>                                           |            |    | <b>RENTER</b>                                    |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      | 2024                                             | 2023                           |
|                                                                                     | 12,2 mill                                               | 10,8 mill  |                                                                                      | 15.1 mill                                        | 10,2 mill                      |
|   | <b>INNBYGGJERAR</b>                                     |            |  | <b>DISPOSISJONSFOND</b>                          |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      | 2024                                             | 2023                           |
|                                                                                     | 2 238                                                   | 2 212      |                                                                                      | 93 mill                                          | 135,2 mill.                    |
|                                                                                     |                                                         |            |                                                                                      | Bruk netto i 2024: 42,3 mill                     | Avsett netto i 2023: 24,8 mill |
|  | <b>INVESTERING</b>                                      |            |  | <b>ANDEL LÅNEFINANSIERING</b>                    |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      | 2024                                             | 2023                           |
|                                                                                     | 91,4 mill                                               | 87,2 mill  |                                                                                      | 60%                                              | 63 %                           |
|  | <b>NETTO DRIFTSUTGIFTER PLO 1<br/>- SENTRALADM.</b>     |            |  | <b>NETTO DRIFTSUTGIFTER PLO 2<br/>- OPPVEKST</b> |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      | 2024                                             | 2023                           |
|                                                                                     | 47,7 mill                                               | 34,7 mill  |                                                                                      | 84,4 mill                                        | 94 mill                        |
|  | <b>NETTO DRIFTSUTGIFTER PLO 3<br/>- HELSE OG OMSORG</b> |            |  | <b>NETTO DRIFTSUTGIFTER PLO 4<br/>- PNK</b>      |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      | 2024                                             | 2023                           |
|                                                                                     | 108,8 mill                                              | 102,6 mill |                                                                                      | 32,4 mill                                        | 18,3 mill                      |
|  | <b>NETTO DRIFTSUTGIFTER PLO 5<br/>- TEKNISK</b>         |            |                                                                                      |                                                  |                                |
|                                                                                     | 2024                                                    | 2023       |                                                                                      |                                                  |                                |
|                                                                                     | 47,9 mill                                               | 33,2 mill  |                                                                                      |                                                  |                                |

## Økonomioversyn

Kommunerekneskapen for 2024 viser eit netto driftsresultat på – 40,8 mill kr (- 9,3%), og bruk av disposisjonsfond på kr 42,3 mill.

Resultatet er samansett av nokre store løyvingar frå disposisjonsfond, meirforbruk på planområda og meirinntekter, særleg frå kraft. Om ein ser bort i frå dei meir ekstraordinære hendingane ville driftsresultatet ha vore på ca – 13 mill kr.

### Under er ei forenkla forklaring av resultatet

|                                                                                                           |       |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------|
| Bruk av disposisjonsfond til utlån Dalen Mek AS                                                           | -17   |
| Bruk av disposisjonsfond til nedbetaling av lån for Vest-Telemark museum                                  | -3,8  |
| Bruk av disposisjonsfond til andre konsekvensjusteringar og vedtak gjennom året                           | -6    |
| Gang- og sykkelveg Vistamoen - feilført i investeringsrekneskapen 2022-2024 - flytt til driftsrekneskapen | -7,4  |
| Generelt meirforbruk på planområda                                                                        | -21,8 |
| Meirinntekter, hovudsakleg frå kraft                                                                      | 11,5  |
| strykning av overføringar og avsetningar                                                                  | 3,7   |
| Sum                                                                                                       | -40,8 |

Tabell 1 viser at netto løn- og sosiale utgifter auka med 13,6% i høve til 2023.

Pensjonsutgiftene aukar med 28,1%. Hovudårsaka til denne auka er det store premieavviket i 2023.

Andre driftsutgifter auka med 24,1 % i høve til 2023 (6,3 % om ein korrigerer for dei ekstraordinære utbetalingane i året). Totale driftsutgifter gjekk opp med 17,2% (10% korrigeret). Driftsinntektene auka med 3,7% i høve til 2023.

Tabell 1

| Oversyn driftsutgifter og -inntekter, ekskl. bruk og avsetjing fond og avskrivning: |                |               |                |               |
|-------------------------------------------------------------------------------------|----------------|---------------|----------------|---------------|
| (1000 kr)                                                                           | R-2024         | %-2023-24     | Rev. b-2024    | R-2023        |
| Lønsutgifter:                                                                       |                |               |                |               |
| Brutto lønsutgifter                                                                 | 221 801        | 12,1          | 207 042        | 197 879       |
| Pensjonsutgifter                                                                    | 25 426         | 28,1          | 23 305         | 19 852        |
| Arbeidsgjevaravgift                                                                 | 24 942         | 13,8          | 22 804         | 21 910        |
| Sum                                                                                 | 272 169        | 13,6          | 253 151        | 239 641       |
| Refusjon sjukeløn m.m.                                                              | -11 813        | 42,7          | -              | -8 279        |
| Netto lønsutgifter                                                                  | 260 356        | 12,5          | 253 151        | 231 362       |
|                                                                                     |                |               |                |               |
| Andre driftsutgifter                                                                | 197 019        | 24,1          | 153 840        | 158 768       |
| Totale driftsutgifter                                                               | 457 375        | 17,2          | 406 991        | 390 130       |
|                                                                                     |                |               |                |               |
| Driftsinnt., ekskl. sjukelønsref.                                                   | 428 357        | 3,7           | 390 621        | 413 159       |
| <b>Totalt brutto driftsresultat, ekskl. avskrivning</b>                             | <b>-29 018</b> | <b>-226,0</b> | <b>-16 370</b> | <b>23 029</b> |
| Netto finansutgifter                                                                | -11 782        | -487,9        | -7 962         | 3 037         |
| <b>Netto driftsresultat</b>                                                         | <b>-40 800</b> | <b>-256,5</b> | <b>-24 332</b> | <b>26 066</b> |

Tabell 2 viser brutto driftsutgifter fordelt på utgiftsartar. Lønsumtgiftene utgjør storparten av driftsutgiftene, men noko mindre del enn åra før. Renteutgiftene utgjør ein større del enn før.

**Tabell 2**

|                                            | Brutto driftsutgifter |           |          |                   |           |                   |           |
|--------------------------------------------|-----------------------|-----------|----------|-------------------|-----------|-------------------|-----------|
|                                            | 2024                  |           |          | 2023              |           | 2022              |           |
|                                            | Brutto driftsutg.     | %-vis del | Budsjett | Brutto driftsutg. | %-vis del | Brutto driftsutg. | %-vis del |
| 1000 kr.                                   |                       |           |          |                   |           |                   |           |
| Løn- og sos. utgifter                      | 272 169               | 58,3 %    | 253 151  | 240 891           | 59,0 %    | 216 995           | 61,7 %    |
| Kjøp varer/tenestar til eigenproduksjon    | 84 667                | 18,1 %    | 54 590   | 73 727            | 18,0 %    | 67 152            | 19,1 %    |
| Kjøp varer/tenestar - erstattar eigenprod. | 28 626                | 6,1 %     | 28 294   | 29 581            | 7,2 %     | 20 051            | 5,7 %     |
| Overføringer                               | 66 629                | 14,3 %    | 53 957   | 54 210            | 13,3 %    | 42 431            | 12,1 %    |
| Renteutgifter                              | 15 126                | 3,2 %     | 10 607   | 10 152            | 2,5 %     | 4 827             | 1,4 %     |
| Sum alle planområde/etatar                 | 467 217               | 100,0 %   | 400 599  | 408 561           | 100,0 %   | 351 456           | 100,0 %   |

Tabell 3 a under viser at det etter revidert budsjett er meirforbruk på alle planområde, størst på planområde 3 og 5 (7,4 mill. av meirforbruk på planområde 5 gjeld gang- og sykkelveg Vistadmoen). Samla meirforbruk i drift er på 29,2 mill kr.

Tabell 3 b gjer ein oversikt over alle budsjettjusteringar som er gjort på planområda i 2024.

**Tabell 3 a**

| BUDSJETTAVVIK 2024                |                |                    |                                |           |
|-----------------------------------|----------------|--------------------|--------------------------------|-----------|
| Netto driftsutgifter (inkl. fond) |                |                    |                                |           |
| 1000 kr.                          | Rekneskap 2024 | Rev. budsjett 2024 | Budsjett-overskot/underskot(-) | Avvik i % |
| Sentraladm.                       | 42 185         | 40 393             | -1 792                         | -4,4 %    |
| Kyrkjeleg fellesråd               | 5 222          | 5 222              | 0                              | 0,0 %     |
| Oppvekst                          | 84 380         | 84 003             | -377                           | -0,4 %    |
| Helse- og omsorg                  | 108 828        | 101 561            | -7 267                         | -7,2 %    |
| Plan, næring, kultur              | 32 288         | 31 131             | -1 157                         | -3,7 %    |
| Teknisk                           | 47 693         | 29 130             | -18 563                        | -63,7 %   |
| Sum                               | 320 596        | 291 440            | -29 156                        | -9,1 %    |

**Tabell 3 b**

| Budsjettjusteringar på planområda 2024                                     |         |               |
|----------------------------------------------------------------------------|---------|---------------|
| Konsekvensjusteringar 1. tertial                                           | PS-nr   | Sum           |
| Auke i politikergodgjersla til medlemmar i kommunestyret                   | 38/2024 | 160           |
| Innkjøp av nytt sentralbordsystem                                          | 38/2024 | 60            |
| Innkjøp av tilleggsutstyr til kommunestyresalen                            | 38/2024 | 60            |
| Innkjøp av Webcruiter - program for rekruttering                           | 38/2024 | 100           |
| Korrigerig av feil med omsyn til KLP i lønnsbudsjettet                     | 38/2024 | 1 650         |
| Tilskot til utgreiing av nytt bygg ved Brunvoll Mar-EL AS                  | 15/2024 | 400           |
| Innfriing av KLP-lån for Vest-Telemark museum                              | 38/2024 | 3 750         |
| Tilskot padeltennis                                                        | 45/2024 | 30            |
| Opprustning Lårdal grendehus - flytta til inv.rekneskapen                  | 38/2021 | -500          |
| <b>Totalt</b>                                                              |         | <b>5 710</b>  |
| Konsekvensjusteringar 2. tertial                                           | PS-nr   | Sum           |
| Auka politikergodgjersle                                                   | 38/2024 | 280           |
| Korrigerig av feil i lønnsbudsjett                                         | 38/2024 | 400           |
| Auke studiestøtte                                                          | 95/2021 | 350           |
| Barnehagelærer 50% frå 15. august                                          | 39/2024 | 113           |
| 40% fagarbeidar SFO Tokke skule frå 15. august                             | 39/2024 | 86            |
| 60% fagarbeidar Høydalsmo skule fra 15. august                             | 39/2024 | 131           |
| Ny avdeling Høydalsmo barnehage - 2,6 årsverk 3,5 mnd                      | 54/2024 | 583           |
| Økt bemanning Å.V. barnehage 0,2 årsverk 3,5 mnd                           | 69/2024 | 35            |
| Tidl. Løyvingar prøvebustad 59 grader nord, som som ikkje er lagt på ramma | 52/2023 | 1 850         |
| <b>Totalt</b>                                                              |         | <b>3 828</b>  |
| Budsjettjusteringar etter vedtak - etter 2. tertial                        | PS-nr   | Sum           |
| Leikar ny avdeling Høydalsmo barnehage                                     | 54/2024 | 100           |
| Etterbetaling av lønn til ansatt                                           | 57/2024 | 780           |
| Støtte til kjøp av eigedom VTM                                             | 70/2024 | 250           |
| Fordeling av integreringsmidlar - prosjekt 1133                            | 93/2023 | 5 380         |
| <b>Totalt</b>                                                              |         | <b>6 510</b>  |
| <b>Sum totale budsjettjusteringar på planområda 2024</b>                   |         | <b>16 048</b> |

**Skatteinntektene** (inntekts-, formues-, naturressursskatt og eigedomsskatt – **tabell 4**) gjekk opp med kr 6 mill. i 2024 (4,4%). Inntekter frå Inntekts- og formueskatt gjekk opp 8,5 mill, medan inntekter frå eigedomsskatt og naturressursskatt gjekk ned. Skattedekningsgraden syner kor mykje skatteinntektene dekkjer av eksterne driftsutgifter, dvs. brutto utgifter eksklusive avskrivningar. Tabellen viser ein negativ trend dei seiste åra.

**Tabell 4**

|                          | 2024         | 2023  | 2022   | 2021   | 2020  | 2019  | 2018  |
|--------------------------|--------------|-------|--------|--------|-------|-------|-------|
| Inntekts- og formueskatt | <b>76,2</b>  | 67,7  | 69,7   | 71,5   | 61,8  | 60,0  | 56,0  |
| Naturressursskatt m.m.   | <b>21,5</b>  | 21,8  | 22,7   | 23,0   | 23,1  | 23,2  | 22,5  |
| Eigedomsskatt            | <b>44,6</b>  | 46,8  | 35,7   | 42,6   | 37,2  | 31,7  | 32,9  |
| Netto skatteinntekter    | <b>142,3</b> | 136,3 | 128,1  | 137,1  | 122,1 | 114,9 | 111,4 |
| Prosentvis endring       | <b>4,4 %</b> | 6,4 % | -6,6 % | 12,3 % | 6,3 % | 3,1 % | 0,4 % |
| Skattedekningsgrad       | <b>30,3</b>  | 34,2  | 36,9   | 43,4   | 40,6  | 39,8  | 41,6  |

Skatteinntektene (utanom eigedomsskatt) og rammetilskotet frå staten er ein del av inntektssystemet mellom staten og kommunane, nedgang i skatteinntektene blir såleis avrekna delvis med meir rammetilskot og omvendt.

### **Rammetilskot frå staten**

Rammetilskotet frå staten auka i 2024 får 89,5 mill i 2023 til 93 mill i 2024 (4%).

### **Sal av konsesjonskraft**

Etter to år med høge kraftprisar - 217 øre/kWh i 2022 og 90 øre/kWh i 2023, fall gjennomsnittleg årspris for vårt område (NO2) til 59 øre/kWh i 2024. Det gav eit fall i inntektene samla sett frå 53 mill kroner til 37,8 mill kroner.

Dette er likevel historisk sett eit godt resultat, i perioden 2015 – 2021 varierte inntektene frå sal av kraft mellom 7,4 mill kr og 16,5 mill kr.

Kommunen sine inntekter frå sal av konsesjonskraft fordelar seg på fire ulike element – 2023-tal i parantes:

1. Sal av særavtalekraft innad i kommunen med pristak 39 øre/kWh , som gav ei brutto salsinntekt på 19,5 mill kroner (19 mill).
2. Refusjon av nasjonal straumstøtte for alle timesprisar over 75 øre/kWh gav 0,9 mill kroner netto inntekt (5,7 mill).
3. Forvaltning av nett-tap og prognosefeil (VTK-avtala) gav om lag 1,9 mill kroner (3,5 mill).
4. Konsesjonskraftsavtala med Telemark fylke (KKST) gav om lag 21,8 mill kroner (29,9 mill).

Utgiftene med kjøp av kraft auka også; frå 5,1 mill kroner til 6,2 mill kroner – noko som skuldast at innmatingskostnadene auka vesentleg, men også litt høgare innkjøpspris. 2022

og 2023 var heilt spesielle år med tanke på innmatingskostnadene – kommunen fekk desse to åra betalt for å levere kraft på nettet.

Ein vanleg hushaldskunde med 20 000 kWh i forbruk har i 2024 spart om lag 5 000 kroner med «Tokkepris» samanlikna med marknadspris.


Tokke kommune har selt konsesjonskraft til abonnentane i kommunen med om lag 8 mill kroner mindre fortjeneste samanlikna med om krafta vart selt til marknadspris.

### **Konsesjonsavgifter**

Avgiftsinntektene var på kr 9,78 mill., Desse inntektene er avsett til kraftfondet (konsesjonsavgiftsfondet) og blir nytta til næringstiltak og avdragsbetaling (kr 4,0 mill.).

### **Driftsresultat**

Nettoresultatgraden i tabell 5 syner kor stor prosentdel av driftsinntektene som er disponibelt etter at drifts- og kapitalutgifter er betala. Dette nykeltalet viser for 2024 -9,3 % (-2,9 % om ein korrigerer for dei ekstraordinære utbetalingane i året). Kommunen sitt måltal har vore 3 %, dette er no justert ned til 1,75 %, noko som er rekna som anbefalt minimumskrav frå styresmaktene.

**Tabell 5****Balansen****Omløpsmidlar - finansforvaltning**

Avkastning av plasserte midlar i bank gjekk vidare opp i 2024 som følgje av renteutviklinga. Gjennomsnittleg rente på bankinnskott etter bankavtala med DNB (Sparebanken Sør frå 1.12) var i 2024 på 5,05 %, jf. tabell 6, noko betre enn referanseindeksen NIBOR 3 mndr., jf. tabell 7. Rentene har vore venta å gå ned i 2025, men uro på verdsmarknaden gjer prognosane usikre.

**Tabell 6**

| Avkastning i bank |      |      |      |      |      |      |      |      |      |
|-------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| År                | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 |
| %                 | 5,05 | 4,44 | 2,38 | 0,75 | 0,98 | 1,83 | 1,34 | 1,62 | 1,92 |

Tabell 7

| Rapportering for midlar til driftsføremål                    |            |      |            |     |            |     |
|--------------------------------------------------------------|------------|------|------------|-----|------------|-----|
|                                                              | 31.12.2024 |      | 31.12.2023 |     | 31.12.2022 |     |
|                                                              | Mill. kr.  | %    | Mill. kr.  | %   | Mill. kr.  | %   |
| Innskot i hovedbank (SBS frå 01.11-24)                       | 73,1       | 63,8 | 137,7      | 100 | 97,2       | 100 |
| Innskot i andre bankar (DNB)                                 | 41,5       | 36,2 | 0          | 0   | 0          | 0   |
| Samla kortsiktig likviditet                                  | 114,6      | 100  | 137,7      | 100 | 97,2       | 100 |
| Avkastning ila året                                          | 5,05 %     |      | 4,44 %     |     | 2,38 %     |     |
| Avkastning referanseindeks Nibor 3 mnd                       | 4,87 %     |      | 4,16 %     |     | 2,10 %     |     |
| Stadfesting av enkelteksponering ≤ 2% av forvaltningskapital | Ja         |      | Ja         |     | Ja         |     |
| Stadfesting av enkeltpapir ≤ 6 månaders løpetid              | Ja         |      | Ja         |     | Ja         |     |
| Største tidsinnskot                                          | 0          |      | 0          |     | 0          |     |
| Største enkeltpapirplassering                                | 73,1 mill  |      | 67,7 mill. |     | 97,2 mill. |     |

Tabell 8 syner at lån med fastrente no utgjer om lag 32,5 % av lånegjelda, tett opp mot finansreglementets krav om 1/3 fast rente. Rentekostnadane er noko under referanseindeksen, NIBOR 3 mndr. + 0,6%-poeng er nytta.

Tabell 8

| Oversyn lån                                       |                      |                |            |       |            |       |
|---------------------------------------------------|----------------------|----------------|------------|-------|------------|-------|
| Långjevar:                                        | Restgjeld 31.12.2024 |                |            |       |            |       |
| KLP kommunekreditt                                | kr                   | 80 251 831,00  |            |       |            |       |
| Kommunalbanken                                    | kr                   | 231 185 020,00 |            |       |            |       |
| Husbanken                                         | kr                   | 19 571 568,00  |            |       |            |       |
| Samla gjeld                                       | kr                   | 331 008 419,00 |            |       |            |       |
|                                                   |                      |                |            |       |            |       |
|                                                   | 31.12.2024           |                | 31.12.2023 |       | 31.12.2022 |       |
|                                                   | Mill kr              | %              | Mill kr    | %     | Mill kr    | %     |
| Lån med flytende rente                            | 189,0                | 57,1           | 194,0      | 71,8  | 160,6      | 68,7  |
| Lån med NIBOR-basert rente                        | 34,5                 | 10,4           | 36,3       | 13,4  | 38,1       | 16,3  |
| Lån med fast rente                                | 107,5                | 32,5           | 40,0       | 14,8  | 35,2       | 15,0  |
| Finansiell leasing                                | 0,0                  | 0,0            | 0,0        | 0,0   | 0,0        | 0,0   |
| Samla langsiktig gjeld                            | 331,0                | 100,0          | 270,3      | 100,0 | 233,9      | 100,0 |
| Effektiv rentekostnad sidan 31.12                 | 5,18                 |                | 4,02       |       | 2,30       |       |
| Avkastning (kostnad - benchmark NIBOR 3 mnd + 0,6 | 5,47                 |                | 4,76       |       | 2,70       |       |
| Tal løpande enkeltlån                             | 25                   |                | 23         |       | 21         |       |
| Største enkeltlån                                 | 50,0 mill.           |                | 44,8 mill. |       | 20 mill.   |       |

Stresstesten i tabell 9b syner kor stor verknad ein rentenoppgang på 1% vil ha på renteutgifter/-inntekter i høve til gjeld og innskot no ved årsskiftet, pluss kr 0,6 mill.

**Tabell 9**

| Stresstest pr 31.12.2024 for Tokke kommune (mill.kr.) |              |              |                    |                   |
|-------------------------------------------------------|--------------|--------------|--------------------|-------------------|
|                                                       | Balanse %    | Balanse MNOK | Endrings-parameter | Berekna tap/vinst |
| Gjeld med flytende rente                              | 57 %         | 189,0        | 1 %                | -1,9              |
| Gjeld med NIBOR-basert rente (3 mndr.)                | 10 %         | 34,5         | 1 %                | -0,3              |
| Gjeld med fast rente                                  | 32 %         | 107,5        | 1 %                | 0,0               |
| <b>Sum gjeld</b>                                      | <b>100 %</b> | <b>331,0</b> |                    | <b>-2,2</b>       |
| Innskot i bank og korte pengem.                       | 100 %        | 114,6        | 1 %                | 1,1               |
| Finansielle anleggsutlån                              |              | 45,5         | 1 %                | 0,5               |
| <b>Samla effekt av renteoppgang på 1%</b>             |              |              |                    | <b>-0,6</b>       |

### Tap på krav

Av førebels avsett til tap på krav i 2023 på kr 403 052, er det i 2024 endeleg avskrive kr 59 650. I alt er det no usikre krav på kr 313 753 (note 7 i rekneskapen). Dette er gamle krav og krav i samband med dødsfall, sosiale eller andre årsaker, og såleis krav som kan bli svært vanskeleg eller uråd å få kravd inn.

### Anleggsmidlar

Avskriving av faste eigedomar og anlegg er gjort både i driftsrekneskapen og balansen, jf. note 4 i rekneskapen. Avskrivingane har ikkje verknad for netto driftsresultat. Avskrivingane er med i mange av rapportane i KOSTRA som eit kostnadselement.

### Arbeidskapital

Tabell 10 viser at arbeidskapitalen har gått ned med ca 26 mill kr frå 2023 til 2024.

**Tabell 10**

| Arbeidskapital (mill.kr)   |              |              |              |             |             |             |             |             |             |             |
|----------------------------|--------------|--------------|--------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Mill. kr.                  | 2024         | 2023         | 2022         | 2021        | 2020        | 2019        | 2018        | 2017        | 2016        | 2015        |
| Omløpsmidlar               | 195,7        | 234,4        | 197,7        | 130,1       | 102,9       | 86,5        | 83,5        | 75,8        | 76,5        | 58,6        |
| -kortsiktig gjeld          | -67,4        | -80,1        | -61,3        | -50,9       | -45,6       | -44,7       | -39,7       | -38,7       | -39,9       | -39,3       |
| <b>Arbeidskapital</b>      | <b>128,4</b> | <b>154,3</b> | <b>136,4</b> | <b>79,2</b> | <b>57,3</b> | <b>41,8</b> | <b>43,8</b> | <b>37,1</b> | <b>36,6</b> | <b>19,3</b> |
| -fondsmidlar               | -108,1       | -148,8       | -124,1       | -74,1       | -48,7       | -37,3       | -38,1       | -29,2       | -18,9       | -19,2       |
| -unytta lånemidlar         | -23,2        | -8,4         | -15,2        | -7,9        | -11,5       | -7,3        | -2          | -2          | -8,3        | -3,4        |
| <b>Arb.kap., driftsdel</b> | <b>-2,9</b>  | <b>-2,9</b>  | <b>-2,9</b>  | <b>-2,8</b> | <b>-2,9</b> | <b>-2,8</b> | <b>3,7</b>  | <b>5,9</b>  | <b>9,4</b>  | <b>-3,3</b> |

Inkludera i omløpsmidlane og arbeidskapitalen er om lag **kr 34,5 mill. som gjeld premieavvik** pensjonar, som skal amortiserast/attendebetalast og **utgiftsførast i driftsrekneskapen over 7 år.**

## Likviditet

Likviditeten, jf. tabell 11, er litt synkende, samanlikna med 2023, men framleis solid. Likviditetsgrad 3 er forholdet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Nykeltalet må vera større enn 0,33 for at kommunen skal klare betalingspliktene sine.

**Tabell 11**

| Mill.kr.          | 2024         | 2023  | 2022  | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 |
|-------------------|--------------|-------|-------|------|------|------|------|------|------|------|
| Kasse,bank        | <b>114,6</b> | 146,4 | 104,5 | 75,0 | 66,1 | 56,7 | 63,6 | 55,8 | 64,6 | 45,1 |
| Kortsiktig gjeld  | <b>67,4</b>  | 80,1  | 61,3  | 50,9 | 45,6 | 44,7 | 39,7 | 38,6 | 39,9 | 39,3 |
| Likviditetsgrad 3 | <b>1,7</b>   | 1,8   | 1,7   | 1,5  | 1,4  | 1,3  | 1,6  | 1,4  | 1,6  | 1,1  |

## Fondsmidler

Fondsmidlane, jf. tabell 12, syner ein stor nedgang på ca kr 40 mill., og er ved utgangen av året på **kr 108 mill.** Det har vore ei auke i bundne driftsfond (unytta stats- og andre tilskot og sjølvkostfond), men disposisjonsfondet, som har hatt god auke dei seinare åra, har ein nedgang på 42,2 mill kr i 2024, og er ved årsskiftet **21 %** av driftsinntektene eller **kr 93 mill.** Mykje av fonda er bundne opp i vedtak eller er i reserve for å dekkje utgifter til attendebetaling av premieavvik og integreringsarbeid. Måtalet som er **10% av driftsinntektene tilseier kr 44 mill. i disponibelt disposisjonsfond** og måtalet er nådd.

Investeringsfonda er små. Det er avsett ein mindre sum vedkomande tomtosal Hallbjønnsekken, og ekstra innbetaling formidlingslån.


**Tabell 12**

| Fondsmidler (mill.kr)     |              |       |       |      |      |      |      |      |      |      |
|---------------------------|--------------|-------|-------|------|------|------|------|------|------|------|
|                           | 2024         | 2023  | 2022  | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 |
| Bundne driftsfond         | <b>13,2</b>  | 11,8  | 12,2  | 11,4 | 9,2  | 7,2  | 10,6 | 7,6  | 5,1  | 5,3  |
| Disposisjonsfond          | <b>93</b>    | 135,2 | 110,5 | 61,5 | 38,4 | 29,2 | 26,9 | 15,7 | 2,3  | 1,6  |
| Næringsfond, inv.         | <b>0</b>     | 0     | 0     | 0    | 0    | 0    | 0    | 4,3  | 5,9  | 5,2  |
| Investeringsfond, ubundne | <b>1,2</b>   | 1,2   | 1,2   | 1,0  | 0,9  | 0,8  | 0,6  | 1,5  | 5,6  | 7,0  |
| Investeringsfond, bundne  | <b>0,7</b>   | 0,6   | 0,2   | 0,2  | 0,2  | 0,1  | 0    | 0    | 0    | 0,1  |
| Fond i alt                | <b>108,1</b> | 148,8 | 124,1 | 74,1 | 48,7 | 37,3 | 38,1 | 29,1 | 18,9 | 19,2 |

## Gjeld

Ordinær lånegjeld gjekk i 2024 opp frå kr 270,3 mill. til kr 331 mill., jf. tabell 13. Gjelda utgjer om lag kr 148 000 pr. innbyggjar, og gjelda utgjer nå 75% av driftsinntektene (64% i 2023).

Tabell 13



## Pensjonsansvar

Kommunen sitt pensjonsansvar er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Jf. note 2a og b i kommunerekneskapen. Pensjonspliktene i KLP og SPK utgjer i alt **kr 483,3 mill**, medan avsette pensjonsmidlar utgjer **kr 481,8 mill**.

## Sjølvcost

**Note 12** i kommunerekneskapen syner sjølvcost-utrekning på tenestene vatn, kloakk, slam/septik, renovasjon, feiing, byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming.

Det er låg dekningsgrad på byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Vidare viser rekneskapen for 2024 underdekning på vatn (70 %), avløp (92 %) og feiing (90 %), og overdekning på slam(111%) og renovasjon(109 %).

I alt er det kr 3 827 778 på sjølvcostfond og kr 3 835 635 i framført underskot ved årsskiftet.

Gebyra kan ikkje vera større enn utgiftene med tenestene. Overdekning på sjølvcostfond må attendebetalast i løpet av 5 år. Storleiken på gebyra må såleis vurderast i høve til dette.

## Driftsresultat

Driftsrekneskapen for 2024 er gjort opp med meirforbruk og **negativt netto driftsresultat på kr 40,8 mill kr**. Det er underskot/meirforbruk i drifta på alle planområde. Det er i 2024 stramma inn på generelle budsjettjusteringar etter overforbruk, og driftsrammene er berre auka som konsekvens av vedtak og ved korreksjon av feil (tabell 3b). Rekneskapsresultatet viser at driftsutgiftene ikkje er under kontroll, eller er underbudsjettert i forhold til driftsnivået. Det vil bli svært viktig å få betre kontroll på driftsutgiftene i tida framover, slik at tiltaka som skal gjerast for å tilpassa drifta til inntektsnivået gir ønskt resultat. Nærare kommentarar til drifts- og investeringsrekneskapen fylgjer under kvart planområde i del 2.

## Investeringsrekneskapen

Kommunen har i 2024 gjort investeringar for 91,4 mill kroner, av dette 89,5 mill i egne varige driftsmidlar, mot budsjettert 103,8 mill. Årsaka til budsjettavviket er hovudsak at framdrifta har vore noko lågare enn venta på fleire prosjekt, tillegg til at ein stor del av kostnadene til prosjekt 6521 - Gang/sykkelveg Vistadmoen vart flytta frå investerings- til driftsrekneskapen. Tabellen under viser prosjekta med dei største avvika.

| Prosjekt-nummer | Prosjektnavn                                   | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Budsjett-avvik | Kommentar                                |
|-----------------|------------------------------------------------|----------------|---------------|----------------|------------------------------------------|
| 6521            | GS-veg Vistadmoen                              | 4 362          | 8 000         | 3 638          | Delvis flytta over til driftsrekneskapen |
| 6522            | Trafikkplan vidaregåande skule, kulturhus      | 0              | 2 000         | 2 000          | Utsett i påvente av Tokke skule          |
| 6532            | Ristgodsfjerning Lårdal og Åmdals Verk RA 2024 | 116            | 2 000         | 1 884          | Forsinka framdrift                       |
| 6404            | Dalen kanalbåtbryggje, konstruksjon            | 1 062          | 2 400         | 1 338          | Forsinka framdrift                       |
| 6525            | Opprustning Tokke skule                        | 829            | 2 000         | 1 171          | Forsinka framdrift                       |
| 6514            | Oppgradering aldersbustader                    | 1 451          | 2 500         | 1 049          | Forsinka framdrift                       |

Rekneskapen viser også at mottekne investeringstilskot er ca 4 mill. lågare enn budsjettert. Avviket kjem delvis av ei misforståing rundt periodisering av tilskot frå Husbanken til prosjekt 6511 – Omsorgsbustader (ca 2 mill), og delvis forseinka framdrift på fleire prosjekt – hovudsakleg prosjekt 6522 – Trafikkplan vidaregåande skule, kulturhus (1,5 mill)

## 2. Personalstoda

### Kjønnsfordeling blant dei tilsette

Kommunen hadde per 01.12.2024 295 årsverk fordelt på ca. 364 tilsette. Året før, desember 2023, hadde kommunen 286 årsverk. Talet på årsverk og tilsette viser den faktiske situasjonen per 01.12.24, altså tilsette som får lønn frå kommunen. Det inkluderer bla. tilsette på permisjon og med sjukefråvær samt vikarar for dei.

Kommunen har totalt 21 leiarar med budsjett og personalansvar, inkl. kommunedirektør. Av dette er 13 kvinner og 8 menn.

I kommunedirektøren si leiargruppa er det 4 kvinner (med NAV-leiar) og 4 menn inkludert kommunedirektør.

Det er fleire kvinner enn menn i Tokke kommune. Av 364 tilsette var det 97 menn. Antall menn har auka med 9 frå året før. Tokke har hatt fokus på å skaffe rett kompetanse på rett plass, og det har difor ikkje vore prioritert særskilde tiltak for å rekruttere menn eller språklege minoritetar, men ulike nasjonalitetar er representert i alle etatane.

### Prosent av tal på kvinner og menn i ulike sektorar i 01.12.24:

| Sektor                | Kvinner    | Menn       |
|-----------------------|------------|------------|
| <b>I alt</b>          | <b>75%</b> | <b>25%</b> |
| Sentraladministrasjon | 79%        | 21%        |
| Oppvekst              | 78%        | 22%        |
| Helse og omsorg       | 90%        | 10%        |
| Kultur                | 67%        | 33%        |
| Teknisk sektor        | 35%        | 65%        |

### Sjukefråvær og arbeidsmiljø

|                          | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|--------------------------|------|------|------|------|------|------|------|
| <b>Samla sjukefråvær</b> | 6,47 | 6,26 | 8,56 | 7,33 | 8,11 | 5,60 | 6,35 |
| Langtidsfråvær           | 4,78 | 2,13 | 6,05 | 5,23 | 6,00 | 3,86 | 4,62 |
| Korttidsfråvær           | 1,69 | 4,13 | 2,51 | 2,10 | 2,11 | 1,68 | 1,73 |

Samla sjukefråvær i heile kommunen 2024 er sama som i 2023, med 6,24. Likevel har bruken av korttidsfråvær gått ned samtidig når langtidsfråvær har gått opp.

Arbeidsmiljøutvalet har tidlegare vedteke mål for sjukefråværet som er 6,5 % og kommunen nådde målet både i 2023 og i 2024. Avdelingane med høgare sjukefråværr enn 10% vert rapportera til arbeidsmiljøutvalet.

#### Sjukefråværr per planområde/etat

|                               | 2024        | 2023        | 2022        | 2021        | 2020        | 2019        |
|-------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>Sentral adm.</b> inkl. Nav | 4,20        | 5,54        | 3,24        | 4,19        | 7,13        | 2,84        |
| <b>OKI</b>                    | 5,13        | 6,55        | 8,48        | 6,75        | 7,72        | 5,5         |
| <b>HS</b>                     | 8,80        | 6,09        | 10,30       | 9,09        | 9,57        | 6,5         |
| <b>Teknisk</b>                | 6,31        |             |             |             |             |             |
| <b>PNK</b>                    | 4,88        | 6,51        | 7,07        | 6,04        | 7,08        | 4,40%       |
| <b>Total</b>                  | <b>6,47</b> | <b>6,26</b> | <b>8,56</b> | <b>7,33</b> | <b>8,11</b> | <b>5,60</b> |

#### Arbeidsmiljø

Medarbeidarundersøking 10-Faktor vart gjennomført i mars/april 2024, og arbeid i avdelingane pågår fram til ny kartlegging, som blir våren 2026. Den største jobben med 10-Faktor er ikkje sjølv gjennomføringa av undersøkinga, men oppfølging av resultatet. Alle avdelingane har jobba med resultatet ved å velje to faktorar dei skal jobba med. Den eine faktoren er ein faktor avdelinga skal prøve å bli betre med og den andre skal avdelinga prøve å halde i sama nivå som i tidlegare undersøking.

Kommunen byrja med organisasjonsutvikling saman med KSK-konsulentane frå starten av 2024 og har bruka heile året til det. Gjennomføring av 10-faktor var ein del av utviklingsarbeidet og i tillegg er det fokusera på fylgjande tema;

- opplæring i Hovudavtala
- rolleforståing og kommunikasjon ved usemje mellom tillitsvalde og leiing
- psykologisk tryggleik
- ytringsklima
- opplæring i effektive leiargrupper og utarbeiding av teamkontrakt
- kommuneøkonomi og kostra
- endringskapasitet
- opplæring i habilitet

Arbeid med ytringsklima, psykologisk tryggleik og betre samarbeid mellom leiing, tillitsvalde og verneombod byrja allereie i 2023.

**Likestilling og mangfald**

Tilsette i Tokke kommune skal ikkje, og blir heller ikkje, bli behandla ulikt på grunn av nasjonalitet, religion, graviditet, alder, kjønn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering eller annan tilsvarande grunn. Det er t.d. fleire tilsette frå ulike land som til dømes frå Ukraina, Eritrea, Polen, Sverige, Syria, Somalia, Finland mfl. både i leiarnivå og blant andre tilsette. Det er ikkje motteke meldingar om trakassering eller diskriminering på grunn av nasjonalitet, kjønnsidentitet, livssyn eller andre grunnar.

Spørsmål om religionstilknytning, politisk syn eller tilsvarande er ikkje tillate å stille spørsmål om i tilsetjingsprosessar i Tokke kommune.

**Lønsutvikling for kvinner i perioden 1.12.2023 og til 1.12.2024 var 6,5%. Lønsutvikling for menn i sama periode var 8,3%.**

| Kjønn           | Månadsforteneste 2024 | Grunnlønn 2024 | Endring i månads forteneste 2023 – 2024 | Endring i grunnlønn 2023 - 2024 | Årsverk 2024 | Endring i årsverk |
|-----------------|-----------------------|----------------|-----------------------------------------|---------------------------------|--------------|-------------------|
| Kvinner og menn | 52 866                | 49 707         | 8,3%                                    | 7,0%                            | 295          | 3,1%              |
| Kvinner         | 51 858                | 48 834         | 8,0%                                    | 6,5%                            | 223          | 0,8%              |
| Menn            | 55 988                | 52 412         | 8,8%                                    | 8,3%                            | 72           | 10,9%             |

**Lønsforhold justert for stillingsgruppe og stillingskode:**

|          | 2021                                         |                                      | 2022                                         |                                      | 2023                                         |                                      | 2024                                         |                                      |
|----------|----------------------------------------------|--------------------------------------|----------------------------------------------|--------------------------------------|----------------------------------------------|--------------------------------------|----------------------------------------------|--------------------------------------|
|          | Kvinner månads forteneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns | Kvinner månads forteneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns | Kvinner månads forteneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns | Kvinner månads forteneste i prosent av menns | Kvinner grunnlønn i prosent av menns |
| Ujustert | 92,3                                         | 93,4                                 | 94,1                                         | 94,9                                 | 93,3                                         | 94,8                                 | 92,6                                         | 93,2                                 |
| Alder    | 92,3                                         | 93,4                                 | 94,1                                         | 94,9                                 | 93,3                                         | 94,8                                 | 92,6                                         | 93,2                                 |

|                      |      |      |      |      |      |      |      |       |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|------|-------|
| Utdanning            | 90,8 | 93,9 | 95,4 | 98,0 | 93,9 | 95,6 | 96,2 | 97,6  |
| Stillings-<br>gruppe | 97,4 | 99,2 | 95,8 | 97,2 | 96,4 | 98,1 | 98,5 | 100,3 |
| Stillings-<br>kode   | 96,2 | 98,4 | 98,0 | 99,1 | 97,5 | 99,7 | 96,8 | 97,3  |

Tala fortel kva kvinners løn som andel av menns lønn ville ha vore dersom kvinner og menn hadde hatt same årsverkfordeling innanfor kvar av variablane det er justert for.

### Internkontroll og etikk

Kommunen brukar programvara Compilo for internkontroll og dokumentasjon. I systemet finst både dokument av tenesterelaterte forhold i alle etatane i tillegg til kommunens styrings- og HMS-dokument. Tilsette i kommunen har til ei kvar tid moglegheit til å finne nødvendige dokument. Compilo blir bruka av heile kommunen.

Etatane brukar Compilo også for å melde avvik og handtering av avvik. Alle avvik blir sendt og behandla elektronisk. Avvik blir kategorisert i fem grupper; HMS, GDPR (General Data Protection Regulation), avvik mot teneste/tenestemottakar, avvik i organisasjonen og i ytre miljø.

### Avvik

|                                  | HMS        | GDPR      | Teneste<br>/tenestemottakar | Organisasjon<br>/internt | Ytre<br>miljø | Tilsaman   |
|----------------------------------|------------|-----------|-----------------------------|--------------------------|---------------|------------|
| Sentraladm.<br>Inkl. Nav         | 3          | 2         | 3                           | 6                        | -             | 7          |
| Oppvekst,<br>kultur og<br>idrett | 24         | 2         | 5                           | 7                        | -             | 19         |
| Helse og<br>omsorg               | 45         | 10        | 116                         | 41                       | 2             | 114        |
| Plan, næring<br>og kultur        | -          | -         | -                           | -                        | -             | -          |
| Teknisk                          | 30         | 2         | 2                           | 1                        | 11            | 11         |
| <b>Til saman</b>                 | <b>102</b> | <b>16</b> | <b>126</b>                  | <b>55</b>                | <b>13</b>     | <b>312</b> |

I 2024 blei det meldt til saman 312 avvik. Talet på melde avvik i 2024 har dubla seg frå 2023. Då blei det meldt 153 avvik. Dette er å sjå som ei svært positiv utvikling, samstundes som administrasjonen er klar over at det mest sannsynleg finst avvik som ikkje blir rapportert.

Avvik er noko tilsette treng regelmessig opplæring i. Kommunen må jobbe vidare med dette for å bevisstgjera det viktige om avvikskultur, og for å gjera tilsette trygge både med programvare og for å skrive og motta avvik.

Programvara House of Control blir bruka for å ha kontroll over forskjellige avtaler i etatane. Kvar leiar får melding når oppseiingsfrist til ei avtale nærmar seg. Med hjelp av dette programmet unngår vi bl.a. kostbare avtaler som ikkje er naudsynte å ha.

### **Tiltak for å sikre høg etisk standard**

Tokke kommune brukar kvalitetssystemet Compilo der etiske retningslinjer, samt andre retningslinjer og regelverk, er tilgjengelege for alle tilsette. I tillegg brukar kommunen KS Læring som portal for kunnskap og kompetanseheving. Der er det blant anna laga kurs, “nytilsett i Tokke kommune”, som alle tilsette skal gjennomføre før dei byrjar i kommunen. I den modulen ligg også etiske retningslinjer og kommunikasjonsplanen som er vedteke i kommunestyret.

Retningslinjene omfattar fylgjande område: etisk ansvar og lojalitet, informasjonsansvar, organisasjonskultur, korrupsjonsrelaterte handlingar, ulovlege eller krenkande handlingar, varsling, habilitet, gåver, innkjøp og bruk av sosiale media.

Etiske retningslinjer og kommunikasjonsplan gjeld både for tilsette og folkevalde.

## Premiss

| Premiss                                                                                                                            | Oppnådd                                                                                                                                                                    |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Avgrense låneopptak.                                                                                                               | Ikkje oppnådd                                                                                                                                                              |
| Avgrense investeringane utover det som er planlagt i 2024.                                                                         | Delvis, enkelt prosjekt har overskride si investeringsramme. Men det blei iverksett færre prosjekt, slik at totalinvestering blei mindre enn investeringsramma totalt sett |
| Det skal vere høg terskel for å nytte disposisjonsfondet til tiltak gjennom budsjettåret 2024.                                     | Ikkje oppnådd                                                                                                                                                              |
| Auke talet på prosjekt i eigen regi, med 20%                                                                                       | Oppnådd                                                                                                                                                                    |
| Redusere delen av bruk av innleigde konsulentar med 10 %, dette gjerast med bruk av gjeldande fagkunnskap hjå tilsette på Teknisk. | Oppnådd                                                                                                                                                                    |
| Grunnskulepoeng skal ligge på nivå med snitt frå dei 4 siste åra.                                                                  | Oppnådd                                                                                                                                                                    |
| I kulturskulen er målet 50% deltaking i målgruppa.                                                                                 | Ikkje nådd, 33,1%, men ligg godt over KOSTRA-gruppe 3 (22,2%) og meir enn dobbelt så mykje som landssnittet på kring 13%.                                                  |
| Redusere bruk av vikarbyrå i helse- og omsorgstenesta                                                                              | Ikkje nådd. Bruken har gjennom 2024 auka grunna utfordrande rekruttering i heile landet.                                                                                   |